

NORCONSULT AS  
Postboks 626  
1303 SANDVIKA

Dato: 07.10.2017  
Vår ref.: 2017/15118-6  
Saksbehandlar: hanengu  
Dykkar ref.:

Stangnes Fritjof

## Fråsegn - Varsel om oppstart av detaljreguleringsplan for Fjellbergsambandet - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 4.9.2017 om oppstart av arbeid med detaljregulering for Fjellbergsambandet med planprogram. Hovudføremålet med reguleringa er å bygge nytt fastlandssamband med bru mellom Borgundøy, Fjellbergøyt og Halsnøy. Føremålet er delvis i samsvar med og delvis i strid med overordna plan. Kommunen har vurdert at planen utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer planprogrammet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### Vurdering og innspel

#### Planfaglege innspel

Kommunedelplan (KDP) for Fv. 62 Fjelbergsambandet vart vedteke 27.09.2012 og legg til grunn fast vegsamband mellom Borgundøy og Fjelbergøy, og kabelferje over til Sundnes, Halsnøy. Reguleringsplanen skal skissere ny vegline etter alternativ 2A i kommunedelplanen, men i staden for kabelferje skal reguleringsplanen omfatte ei løysing med kryssing av Sundnessundet med bru. Sistnemnde løysing er ikkje utgreidd i overordna plan.

Ein viktig del av eit kommunedelplanarbeid er å få vurdert ulike alternativ til vegtrasear. Når det no ikkje føreligg ein kommunedelplan for kryssing av Sundnessundet, burde ein i reguleringsplanprosessen få vurdert fleire alternativ. Som eit minimum burde ein i alle fall ha hatt ein grovsiling av alternativ gjennom arbeidet med planprogrammet. I følgje planprogrammet er det berre eit alternativ som skal bli vurdert i tillegg til 0-alternativet. Dette alternativet har ilandføring sør for dagens ferjestø på Halsnøy. Hordaland fylkeskommune meiner det i alle fall bør bli vurdert eit alternativ til med ilandføring på dagens ferjestø. Dette vil gi eit breiare og betre avgjerdsgrunnlag, både i forhold til vurderingar av kost-nytte og for å velje det minst konfliktfylte alternativ for ikkje prissette tema.

#### Samferdsel

Føremålet med planarbeidet er ferjefri forbinding mellom Fjelbergøy, Borgundøy og fastlandet. I dag bur det 99 fastbuande på øyane, og dei er avhengig av båt og ferje for å kome til skole og andre servicetilbod. Det er ikkje venta særleg auke i talet på fastbuande på Fjelberg og Borgundøy, men ein kan rekne med auke i talet på besøkande om tilkomsten vert ferjefri. Det ligg føre planar om hytteutbygging og konferansehotell, men realiseringa av desse planane er svært uviss.

### *Prioritering - Regional Transportplan (RTP)*

Som vegeigar må fylkeskommunen gjere grundige vurderingar av kva prosjekt og tiltak på fylkesvegnettet som skal prioriterast. Dei økonomiske ramane til drift, vedlikehald og investering på fylkesvegnettet gir lite handlingsrom, og i RTP er det eit viktig prinsipp å prioritere vegutbetringar framfor nye vegprosjekt. Målet er å sikre eit trafiksikkert og framkomeleg fylkesvegnett, samt stoppe veksten i forfallet. Prosjektet med å knyte saman Borgundøy, Fjelbergøy og Halsnøy med bru er ikkje prioritert i RTP.

### *Vegstandard, trafikktryggleik og skoleskyss*

Hordaland fylkeskommune har vore i dialog med Statens vegvesen når det gjeld vegstandard omtalt i framlegg til planprogram. Dagens befolkningsgrunnlag tilseier at det er tilstrekkeleg med 1-felts veg, men med tilbod for mjuke trafikantar og kollektivtilbod/skoleskyss. Dette er ein standard som ikkje ligg i vegnormalane. Vi legg til grunn at vegløysinga vert planlagt med Sa3 standard, og at det vert søkt om avvik frå 2-felts veg dersom framtidig ÅDT ved framskriving av 20 år etter at vegen er bygd, vert berekna til meir enn 300 i ÅDT.

### Friluftsliv (regionale friluftsområde, <http://kart.ivest.no>)

Planområdet råker viktige regionale friluftsområder knytt til Klosterfjorden og Halsnøy sør. Dette er områder med store opplevingskvalitetar og stor symbolverdi. Konsekvensane for friluftsliv må skildrast tydeleg i konsekvensutgreiinga. Planarbeidet må søke løysingar som dempar negative verknader for friluftsliv og landskap.

### Landskap

Konsekvensar for landskapsbilete skildrast i konsekvensutgreiinga. Spesielt vest i planområdet er det knytt store landskapsverdiar knytt til Fjellbergsundet. Ein må gjennom planarbeidet søke å minimere skjemmande skjeringar og utfyllingar i sårbare område.

### Kulturminne og kulturmiljø

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune viser til brev datert 04.09.2017 med varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Fjelbergsambandet og høyring av planprogram.

I 2012 vart kommunedelplan (KDP) for Fjelbergsambandet godkjent med traséalternativet 2A der kryssing av Sydnessundet var planlagt med kabelferje mellom Munkura på Fjelbergøy og dagens ferjekai på Sydnes.

Det er no starta opp reguleringsarbeid med å erstatte kabelferje frå kommunedelplanen med bruløysing over Sydnessundet. I tillegg er det brukryssing i nordlege del over Fjelbergsund. Med unntak av kryssing av Sydnessundet, skal den resterande vegtraséen fylgja vedteken trasé frå godkjent KDP. Det må presiserast at vedlagt kartillustrasjon på side 9 i planprogrammet, for traséen på Borgundøy sin del, er i strid med vedteken KDP (Statens Vegvesen sitt kartblad C014).

Sett bort frå 0-alternativet med kabelferje, så er det berre alternativet med brukryssing som er føreslege utgreidd i planprogrammet.

Planprogrammet viser til at val av bruløysing over Sydnessundet ikkje er endeleg fastsleg, då arbeidet med dette pågår. Det som er skissert gjennom kartillustrasjon på side 9 i planprogrammet er ilandføring på Haganeset på Fjelbergøysida og ilandføring sør for dagens ferjekai på Sydnessida.

Heile landskapet rundt Sydnessundet og Fjelbergsundet har ein unik karakter med omsyn til kulturminne og landskap. Dette har høg nasjonal verdi. Vestlandet si største samling med kystrøyser frå bronsealderen er å finne langs sunda med hovudvekta langs austre side av Sydnessundet. Langrøysa id. 66380, ligg aust for ferjekaien og nord for ilandføringa, slik denne er skissert, og gravrøysa id. 6403 som ligg sør for skissert ilandføring er del av dette røyssystemet. Det er kjent mange funn, både av faste automatisk freda kulturminne og lausfunn, i området. Samla spenner funna over eit tidsrom frå heile vår førhistoriske periode. Det er elles høgt potensial for funn i området. Då saka omfattar areal i sjø, er den også send over til Bergens Sjøfartsmuseum for vurdering av marine kulturminne.

Det framlagte planprogrammet med bruløysing er i strid med kulturminne av høg nasjonal verdi. Ut frå kulturminneomsyn ber difor Fylkeskonservatoren om at alternative løysingar vert vurdert, mellom anna andre stader for ilandføring.

Det er som nemnt kjent fleire automatisk freda kulturminne innanfor planområdet og i det som må sjåast som influensområdet til planområdet. Potensial for nye funn er rekna som svært høgt i delar av planområdet. Med utgangspunkt i tidlegare funn og synfaringar, og for å avgjera om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne, jmf. § 9 i kulturminneloven kan det bli stilt krav om arkeologisk registrering. Det vil komma an på kva løysing som vert valt. Vi har ikkje heimel til å krevja registreringa gjennomført før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vera ein fordel for tiltakshavar å klarleggja spørsmål omkring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. Jfr. Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, jfr. § 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no/plan](http://www.hordaland.no/plan).

#### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på planfaglege merknader, samferdsel, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og landskap.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hans-Christian Engum  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hans-Christian Engum, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSVADELINGA

Lars Øyvind Birkenes, fylkeskonservator, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA